

# Toppluva – ingen nisseluve!

Av Helge Reidun Bergebakken Nesset

Dei tre - fire toppluvene ved Tynset Bygdemuseum, ei på Husantunet, Alvdal, og fotografier av mannfolk i Vingelen ikledd toppluver, fortel om ein tradisjon på 17- og 1800-talet.

Fargane på luvene er ganske einsarta. Dei fleste er mørke, svarte og mørke blå, med kant og dusk, oftast i raudt. Luvene er strikka i rettstrikkning, som skrår mot toppen med ein merkeleg flat kuppel som endar i ein topp der dusken er festa.

Bruken av toppluver går tilbake til 1700-talet. På draktakvareller frå slutten av 1700-talet ser ein toppluver fleire stadar i landet. Frå Tynset har J. Senn laga akvarellen "Mand fra Tønset med sin Kone", datert 1812. Her ser ein mannen i einsfarga raud luve brukt attåt stutt trøye og knebukse.

Toppluva var i bruk lenge og har gjennom sin periode vore hodeplagg til ulike typer trøyer, frå kjole (sid frakk), til sid-trøye og stutt-trøye. Alle med knebukse attåt.

Nicolai Ramm Østgaard omtaler ein av skikkel-sene i "En Fjeldbygd", den "neppe to Alen" lange Vetl-Knut som er kledd slik: "Hans Antræk bestod af graae Knæbuxer med røde Strømpebaand og Spændsko, graa Sidtrøje og blaa Toplue med Brøm og Dusk". Skildringa er frå Nicolai Ramm Østgaard sine barneår på Tynset 1812-1825.



Akvarellen «Mand fra Tønset med sin kone» av J. Senn, 1810. (31531)





*Halvor Hagen, Vingelen (1804-1882), ikledd topplue, stuttrøye og knebukse. Foto frå 1870-åra. (28842).*

Mange av dei bevarte luvene er heimestrikka. Dette var truleg ei vidareføring av produksjonen frå tekstilfabrikken Enighed på Mykleby i Stor-Elvdalen.

Igangsetting av denne fabrikk skjedd med initiativ frå Ole Evenstad nr 1, lensmann i Stor-Elvdal 1767-1806. Han hadde lest ei offentleg kunngjering som lova gratis undervisning av lærlinger ved "den etablerte Hægleskole" i København. Oppretting av "Det Aamodske patriotiske Selskap" var grunnlaget til bygging av en "Hægle og spindeskole" ved Gilderbekken i Stor-Elvdalen. Ulike typer maskiner vart innkjøpt m.a. ei strømpemaskin frå England. I 1785 kom produksjonen i gang. Den økonomiske gevinsten var dårleg, i tillegg til andre problem. Derfor stoppa produksjonen opp i 1799.

Mellom produkta var strikka toppluver. Desse vart distribuert over heile landet, men spesielt

mykje gjekk til Røros. Gjennom marknadshandel vart luvene spreidd utover heile distriktet og ein del vart kjøpt av svensker frå Jemtland og Dalarna.

Toppluva var på tur ut av draktskikken i Nord-Østerdalen da det vart vanleg å la seg fotografere. Noen bilder frå Vingelen i 1870-åra viser at dei der framleis heldt på toppluva og den gamle drakta.

Toppluver er gode vinterplagg som i dag blir produsert i nye former og fasonger. Nytt i vår tid er at kvinner og bruker toppluver, som opprinneleg var eit mannfolkplagg.


#### *Kjelder:*

*I. Sæter: Stor-Elvdalen*

*N. R. Østgaard: En Fjeldbygd*

*Lars Modahl: Enighedsfabrikken (huset).*

*Frå Heme Våre 1995.*



*Toppluer bevart på Tynset Bygdemuseum.  
(Foto: Forfatteren).*